

SVEIO KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 13. september 2016 blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Olav Haugen.

MØTESTAD:	Kommunestyresalen, Sveio kommunehus
MØTESTART/-SLUTT:	kl.18.00 – kl. 20.55
MØTANDE MEDLEMMER:	Olav Haugen (KrF), Heidi Selsås (A), Hans Christian Andersen (FrP) og Torill Hagland (H)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	1. varamedlem Svein M. Nesse (V)
FORFALL:	Ole-Ørjan Hov (MDG)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalsssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til sak 20/16 Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr, Deloitte AS, Bergen
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunalsjef Solfrid Lier Habberstad
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Utvalet var samd i å handsame sak 20/16 som siste sak, elles etter sakslista .

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 17/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14.06.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 14.06.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 13.09.16:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.09.16:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 14.06.16 blir godkjent slik han føre.

SAK 18/16 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – OPPVEKST OG KULTUR

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tek kommunalsjef oppvekst og kultur si utgreiing om einingane til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 13.09.16:

Kommunalsjef Solfrid Lier Habberstad opplyste at ho hadde vore eit halvt år i stillinga, men var kjent med kommunen frå før.

Ho starta med kulturavdelinga og fortalde at Riksantikvaren i 2015 hadde gjeve Sveio toppscore saman med andre ni kommunar. Dei har tre kulturfyrtårn som er organisert ulikt: avdelinga tar seg av Valen-arbeidet, Ryvarden som kommunalt føretak og Sveio Golfpark som AS. Kulturavdelinga var flinke til å søke eksterne midlar, men det fordra også egne midlar.

Av skuler er det fem stykk med til saman 833 elever. Dei varierer mykje i storleik. I haust var det 100 fyrsteklassingar, som alle fekk ei bokgåve frå ordføraren, då kommunen no er ein språkkommune.

Av barnehagar er det 8 stykk, kor av fem er private. Dei har felles opptak, samarbeid og gjer bruk av kommunen sitt ressursteam. Kommunen har folkehelseperspektivet i fokus med spesiell tidleg innsats i barnehage og skule. Dei deltek i respektprogrammet. Ny kvalitetsutviklingsplan 2016-2020 blei vedteken i juni og nye stortingsmeldingar gjer planen svært oppdatert. Økonomien er stram, men under kontroll ved månadlege rapportar.

Utvalet kom med spørsmål om mellom anna mobbing som kommunalsjefen svarta på. Utvalsleiar takka for orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.09.16:

Sveio kontrollutval tek kommunalsjef oppvekst og kultur si utgreiing om einingane til orientering.

SAK 19/16 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «SAKSHANDSAMING, SERVICE OG HALDNINGAR»

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tar tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport «*Sakshandsaming, service og haldningar*» til orientering.

Melding om oppfølging sendast kommunestyret til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 13.09.16:

Utvalsekretær gjorde greie for saka. Utvalet var samd i at saka burde bli lagd fram for kommunestyret som eige sak og at innstillinga vert endra. Utvalet hadde ingen andre merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.09.16 og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tar tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport «Sakshandsaming, service og haldningar» til orientering.

SAK 20/16 PLAN FOR FORVALTNINGREVISJON 2016-2020 MED OVERORDNA ANALYSE

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval slutter seg til utkast til Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 basert på vedlagt overordna analyse med disse endringane/tillegg og med følgjande prioriteringar:

1.
2.
3. osv.

Sekretariatet sørgjer for at oppdatert plan med endringar og prioriteringar er den planen som vidaresemdast til kommunestyret for sluttbehandling.

Sveio kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 slik den ligg føre.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

Handsaming i kontrollutvalet 13.09.16:

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr sa seg lei for at analysen var sendt ut så seint, men det skyldast sjukdom. Ho gjekk så gjennom dei forvaltningsrevisjonsprosjekta som var kategorisert med høg eller middels risiko, basert på statistikk, intervju og spørjeundersøking. Det var merka 15 prosjekt med rødt og 6 med gult i analysen.

Utvalsmedlemmene velde så ut fire prosjekt kvar som «sine» prosjekt. Med bakgrunn i desse sette utvalet opp si prioriteringsliste etter ei god drøfting om korleis desse skulle rangerast. For å vise dei prosjekta utvalet hadde plukka ut, var utvalet samd i at dei skulle vere med i vedtaket som uprioriterte prosjekt.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.09.16:

Sveio kontrollutval slutter seg til utkast til Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 basert på vedlagt overordna analyse med desse følgjande prioriteringane:

1. *Internkontroll*
2. *Vedtaksoppfølging*
3. *Barnevern*
4. *Spesialundervisning i grunnskulen*

og følgjande uprioriterte prosjekt:

- Vedlikehald bygg, vegar og anlegg
- Pleie og omsorg
- Innkjøp
- Investeringsprosjekt
- Informasjonstryggleik
- Arbeid for psykososialt miljø i grunnskulen

Sekretariatet sørgjer for at oppdatert plan med endringar og prioriteringar er den planen som vidaresendast til kommunestyret for sluttbehandling.

og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 slik den ligg føre analyse med desse prioriteringane:

1. Internkontroll
2. Vedtaksoppfølging
3. Barnevern
4. Spesialundervisning i grunnskulen

og følgjande uprioriterte prosjekt:

- Vedlikehald bygg, vegar og anlegg
- Pleie og omsorg
- Innkjøp
- Investeringsprosjekt
- Informasjonstryggleik
- Arbeid for psykososialt miljø i grunnskulen

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

SAK 21/16 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2020 MED OVERORDNA ANALYSE

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval sluttar seg til utkast til Plan for selskapskontroll 2016-2020, basert på vedlagt overordna analyse, med desse endringane/tillegg og med følgjande prioriteringar:

1.
2.
3. osv.

Sekretariatet sørgjer for at oppdatert plan med endringar og prioriteringar er den planen som vidaresendast til kommunestyret for sluttbehandling.

Sveio kommunestyre vedtar Plan for selskapskontroll 2016 – 2020 slik den ligg føre.

Retningslinjer for selskapskontroll i Sveio kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006, med endring i pkt. 10 når det gjeld årleg innsending av firmaattest.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

Handsaming i kontrollutvalet 13.09.16:

Utvalsleiar peika på fleire feil i analysen. Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr sa seg lei for feila og at dei vil bli retta. Ho gjorde så greie for selskapa og om stoda opp mot § 80 i kommunelova. Utvalet støtta utvalsleiar i at kommunen treng å gjere ein eigarskapskontroll. Vidare var dei samd i å føre Karmsund Havn IKS opp som nr 2, sett på bakgrunn av dei store låna dei tatt opp dei siste åra.

Utvalet ønskte så sette Sveio Golfpark AS opp som nr 3, før Krisesenter Vest IKS, sjølv om utvalet ikkje har same innsynsrett her, som i heileigde selskap.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.09.16:

Sveio kontrollutval sluttar seg til utkast til Plan for selskapskontroll 2016-2020, basert på vedlagt overordna analyse, med følgjande prioriteringar:

1. *Eigarskapsforvaltninga*
2. *Karmsund Havn IKS*
3. *Sveio Golfpark AS*
4. *Krisesenter Vest IKS*

Sekretariatet sørgjer for at oppdatert plan med endringar og prioriteringar er den planen som vidaresendast til kommunestyret for sluttbehandling.

og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre vedtar Plan for selskapskontroll 2016 – 2020 slik den ligg føre med følgjande prioriteringar:

1. *Eigarskapsforvaltninga*
2. *Karmsund Havn IKS*
3. *Sveio Golfpark AS*
4. *Krisesenter Vest IKS*

Retningslinjer for selskapskontroll i Sveio kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006, med endring i pkt. 10 når det gjeld årleg innsending av firmaattest.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endra planen i planperioden ved behov.

SAK 22/16 REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2016

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2016 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 13.09.16:

Utvallsleiar gjorde merksam på at dette var ein årleg sak. Revisor gjorde merksam på slektskap mellom partner/revisor i selskapet og ein av kommunalsjefane, men at han sjølvstilt ikkje ville vere involvert i oppdrag mot Sveio kommune. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.09.16:

Sveio kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2016 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

SAK 23/16 BUDSJETT KONTROLL OG TILSYN 2017 - KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for ansvar 100010 Revisjon og kontrollutval i Sveio kommune vert på i alt **kr 592.000 eks. mva** for 2017 fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	70.000
Kjøp av sekretærtjeneste (teneste 1100 art 13750 frå HKS IKS)	167.000
Kjøp av revisjonstjeneste (teneste 1100 art 13700) frå Deloitte AS	355.000

Handsaming i kontrollutvalet 13.09.16:

Utvallssekretær gjorde greie for oppsettet. Revisjonskostnadene var blitt redusert med bakgrunn i nytt anbod.

Utvalet var samd i å oppretthalde same nivå som årets budsjett med kr 385.000, slik at utvalet ikkje hadde eit for stramt budsjett. Utvalet slutta seg til framlegg om å auka samla budsjett med kr 30.000 til kr 622.000.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.09.16 og innstilling til kommunestyret:

*Samla budsjett for ansvar 100010 Revisjon og kontrollutval i Sveio kommune vert på i alt **kr 622.000 eks. mva** for 2017 fordelt på følgjande:*

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	70.000
Kjøp av sekretærtjeneste (teneste 1100 art 13750 frå HKS IKS)	167.000
Kjøp av revisjonstjeneste (teneste 1100 art 13700) frå Deloitte AS	385.000

SAK 24/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 13.09.16

24. Statusoversikt - september 2016
25. Søknad frå Ole-Ørjan Hov om permisjon fra vervet som nestleder i kontrollutvalet
26. Protokoll - Generalforsamling 06.06.16 – Haugaland Kraft AS
27. Protokoll - Havnerådsmøte 09.06.16 – Karmsund Havn IKS
28. Protokoll - e-post 30.06.16 – Karmsund Havn IKS – sak 5/16 – godtgjersle
29. KS Bedrift – unntaksvis bruk av telefonmøte i interkommunale selskap
30. Haugaland Kraft AS -brev frå styreleiar 12.09.16 – ny generalforsamlingsprotokoll

Handsaming i kontrollutvalet 13.09.16:

Utvalsleiar gjekk gjennom sakene og sekretær supplerte. Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.09.16:

Kontrollutvalet tar referatsakene 24- 30 til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Neste møte

Etter møteplan er dato **8. november** kl. 18.00. Etter planen er kommunalsjef teknisk invitert til å orientere.

Sveio/Aksdal, 13. september 2016

Olav Haugen
kontrollutvalsleiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)